

Bruk rett containar, hyttefolk!

28.05.2009



Hyttefolket skal nytta denne containaren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein ny sommarsesong står for døra og uskedelingane er innstilt på å gje gjestane så god service som mogeleg. No i pinsen er det venta stort innrykk av båtgjestar og hyttefolk. Alle er sjølvstjarteleg velkome, men leiinga i båtlaget kjem med ei høflig påminning: Bruk rett containar for bosset ditt!



- og ikkje denne! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Containaren som står i båthamna er open for båtgjestane, men båtlagleiinga har merka seg at også hyttefolk i området nyttar denne containaren når ei helg er over.

Det bør dei ikkje gjera. Hytteavfallet skal leggjast i den mykje omtala containaren som til slutt vart plassert ved Gamleskulen. Og containaren der er minst like lett tilgjengeleg som containaren i båthamna.

Båtlagleiinga påpeikar at båtlaget betalar pr. kilo til SIM for å bli kvitt bosset i containaren sin og då er det mildest talt urettferdig at dei også må betala for bosset frå hyttefolk.

Av Ola Matti Mathisen